



Unge og eldre har ei stor stund saman med kjuklingane. Styrar Helene Huse Bjørnebøle og assistent Renate Natås sit på golvet saman med dei fem ungene som enno ikkje påskeferierte men var på plass i barnehagen denne tysdagen. Dei var Elias Jensen Eide, Malena Hjelmeland, Gard Lunde, Olve Tveit og Saule Zemaitaityte. (Foto: Ola Matti Mathisen)

14. februar var ein merkedag for den nye Dønhaug Gardsbarnehage i Uskedalen, for då vart dei første kjuklingane klekta der! Det skjedde på pauserommet og i ei rugemaskin som oldefaren til to av ungene har laga.

- Ungane var kjempe-engasjerte i den spanande prosessen, seier styrar Helene Huse Bjørnebøle til uskedalen.no. Ho er nesten like kry over kjukling-prosjektet som ungene!



Kan det vera ei høne og ein hane?
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Utgangspunktet var 12 egg. To av egga hadde ikkje kjukling i seg og fem av dei kjuklingane som vart klekta har ikkje overlevd. Med andre ord er det fem som så langt har levd opp og som er til stor glede både for born og vaksne i barnehagen. Det er nok ikkje så mange barnehagar som har levande påskekjuklingar!

Ein av dei fem er svart og har anlegg for ein kam. Ei kvalifisert gjetting går difor ut på at dette er ein hane og hvis han er den einaste hanen i flokken vil han få leva vidare saman med med hønene. Når påskehelga er til ende, vil



dei fem veker gamle kjuklingane bli flytta ut og gå saman med dei andre dyra i barnehagen,

Klekkinga i gang 14. februar. (Foto: Helene Huse Bjørnebøle)

Kjuklingane har så langt hatt heimen sin i ei pappeske på toalettet der ei varmelampe har sørnga for den nødvendige tilleggsvarmen.

- Hvis vi får tak i egg, vil vi freista på ny med klekking av kjuklingar, seier Helene.

Av Ola Matti Mathisen



Elias Jensen Eide fryder seg over kjuklinglivet i pappeska. (Foto: Ola Matti Mathisen)